

# OPPLÆRINGSKONTORET FOR INDRE HORDALAND

Samarbeidsorgan for lærebedrifter



## VEDTEKTER

Vedteke 8. april 2003.

*Sist revidert på ekstraordinært årsmøte 02.09.2024*

### §1 DEFINISJON

Opplæringskontoret for Indre Hordaland er eit samarbeidsorgan for våre medlemmer som er lærebedrifter i kommunane Voss, Vaksdal, Modalen, Ulvik og Aurland, og som i fellesskap har påteke seg opplæringsansvar i samarbeid med fylkeskommunen og lærlingen etter Opplæringslova. Opplæringskontoret fungerer som eit fleirfagleg opplæringskontor. Kontorstad er Voss.

Med lærling i vedtektene meinast også lærekandidatar og praksisbrevkandidatar.

Med lærebedrift i vedtektene meinast medlemsbedrifter som er godkjende av fylkeskommunen og har lærling eller kan ha lærling, sjå elles Opplæringslova.

Med medlemsbedrift i vedtektene meinast både aktive medlemsbedrifter med lærling og passive bedrifter som tidlegare har hatt lærling. Sjølv om ei medlemsbedrift har fleire undereiningar eller fleire fag, reknast ei bedrift som eit medlem og med ei stemme på årsmøte.

### §2 FØREMÅL

Opplæringskontoret sitt føremål er å bidra til å sikre kvaliteten i opplæringa av lærlingar hjå våre medlemsbedrifter, samt at opplæringa skjer i samsvar med dei gjeldande læreplanane i faga og i samsvar med Opplæringslova med forskrifter. På vegne av medlemsbedriftene skal Opplæringskontoret arbeida for kompetanseheving ved at fleire tek fagbrev. Kontoret har ikkje erverv som føremål.

### §3 MEDLEMSKAP

Medlemmer er bedrifter som åleine, eller saman med andre, kan verta godkjende som lærebedrifter. Det skal opprettast skriftleg samarbeidsavtale mellom kontoret og medlemene. Vesentleg brot på gjeldande lovverk og reglar, samarbeidsavtale eller vedtekter er gyldig grunn for oppseiing av samarbeidsavtalen. Utmelding skal skje skriftleg til dagleg leiar innan 6 månader før året går ut, og får då verknad frå komande år.

### §4 OPPLÆRINGSKONTORET OG MEDLEMENE SITT ANSVAR

Opplæringskontoret skriv lærekontrakt i samsvar med Opplæringsloven og mottar tilskot på vegne av lærebedrifta. Opplæringskontoret skal bidra til rekruttering og oppfølging av lærlingar.

Medlemsbedrift som skal gje opplæring, må være godkjend av fylkeskommunen som lærebedrift i det faget opplæringa gjeld. For å få godkjenning må produksjonen til bedrifta legge til rette for opplæring i samsvar med læreplanen i faget.

Sjå elles samarbeidsavtale mellom lærebedrift og Opplæringskontoret, som omhandlar ansvar og plikter.

### §5 ÅRSMØTE

Årsmøtet skal være Opplæringskontoret si øvste myndigheit. Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av april. Innkalling til årsmøtet skal skje skriftleg med minst 14 dagars varsel. Med innkallinga skal fylgja:

Årsmelding, rekneskap, framlegg til budsjett og sakliste for årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama:

- a) Styret si årsmelding
- b) Rekneskap og revisormelding
- c) Budsjett
- d) Val av styre, styreleiar og nestleiar med varafolk
- e) Val av valnemnd på 2 personar
- f) Vedta fordelingsnøkkel på offentlege tilskot
- g) Fastsetjing av medlemskontingent
- h) Andre saker som styret legg fram, herunder endring av vedtektene

Saker som medlemsverksemdene ynskjer å fremja må vera styret i hende innan 1 mnd. før årsmøtet.

Ved stemmegiving har kvar medlemsverksemd 1 røyst.

Alle medlemmer har forslag og uttalerett på årsmøte.

Årsmøtet avgjer alle saker med alminneleg stemmefleirtal, med mindre desse vedtektene har bestemt noko anna for særskilte saker.

Frå årsmøtet skal det førast protokoll som signerast av møteleiar og en person vald av årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret finn det nødvendig, eller dersom minst 1/4 av medlemsbedriftene krev det. Fristar for innkalling kan endrast ved ekstraordinært årsmøte.

## §6 STYRET

Styret er samansett av minimum 6 medlemmer med varafolk, der ein av dei er styreleiar og ein er nestleiar.

Nestleiar har styreleiar sine oppgåver og fullmakter ved styreleiar sitt fråvær.

Styret skal ha ei samansetjing som sikrar dei ulike bransjar representasjon: representantar for medlemsbedriftene (representerer også arbeidsgjevar), 1 representant for arbeidstakarane, 1 representant for skuleverket og 1 representant for lærlingar.

Funksjonstida for styremedlemene og varafolket er 2 år. Kvart år er minimum 2, men høgst 3 styremedlemmer på val.

Styreleiaren skal veljast blant medlemsverksemdene. Ved like stemmer har leiaren dobbeltrøyst.

Styret er vedtaksført når minst 3 av medlemmene er til stades, og ein av dei er styreleiar. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.

Styret har det overordna ansvaret for drifta av kontoret etter dei retningslinene årsmøtet har lagt opp.

Styret tilset dagleg leiar ved kontoret og gjev leiaren dei naudsynte fullmakter.

Det skal vidare:

- kalla inn til årsmøte etter gjeldande vedtekter
- leggja fram revidert rekneskap og framlegg til budsjett
- leggja fram årsmelding

Styremøte skal haldast når styreleiar eller minst to av styret sine medlemmer finn det nødvendig.

Det skal førast protokoll frå styremøta som signerast av medlemmene som var til stade i møtet.

## §7 DRIFT AV OPPLÆRINGSKONTORET

- planleggja utvikling og drifte kontoret etter Opplæringskontoret sine vedtekter og årsplan

- sørge for eit forsvarleg arbeidsmiljø i samsvar med Arbeidsmiljøloven.

## §8 ØKONOMI

Opplæringskontoret sine inntekter er offentlege tilskot og årskontingent frå medlemsverksemdene, og evt. andre inntekter.

Offentlege tilskot for lærlingane skal formidlast til opplæringskontoret.

Årsmøtet fastset fordelingsnøkkel som viser kor stor del av slike tilskot Opplæringskontoret skal halda tilbake til dekking av drifta av kontoret. Resten vert overført til medlemsverksemdene i forhold til den tid lærlingen har vore tilsett.

Overskot over kr 50.000\*, vert utbetalt til medlemsbedriftene etter fordelingsnøkkel iht. tal lærlingar og lærlingeår. Dersom tilskotssatsane vert endra eller opphøyrer, eller andre forhold fører til underskot, pliktar verksemdene å dekkja dette underskotet etter fordelingsnøkkel iht. tal lærlingar og lærlingeår.

Rekneskapan for Opplæringskontoret førast av offentlig godkjent rekneskapskontor.

\*Overskot kr 50.000 kan endrast ved styrevedtak.

### **§9 LØN OG BEDRIFTSTILSKOT VED HOSPITERING**

Moderbedrifta betalar ut løn til lærling ved hospitering hjå anna bedrift i Noreg i løpet av læretida. Moderbedrifta fakturerer hospiteringsbedrifta den timeløna dei sjølve betaler lærlingen + sosiale kostnader. Dette etter timeliste frå hospiteringsbedrift.

Bedriftstilskotet for hospiteringsperioden vert tildelt hospiteringsbedrifta ved hospitering i bedrift i Noreg. Begge punkta konkretiserast i eigen avtale mellom bedriftene og Opplæringskontoret.

Andre avtaler mellom moderbedrifta og hospiteringsbedrifta kan avtalast direkte mellom partane.

### **§10 ENDRING AV VEDTEKTENE**

Endring av vedtektene kan berre gjerast på årsmøtet, og då med 2/3 fleirtal av dei vedtaksføre frammøtte.

Framlegg til vedtektsendring skal sendast ut saman med innkallinga til årsmøtet.

Gjeldande vedtekter skal sendast Fylkeskommunen.

### **§11 OPPLØYSING AV KONTORET**

For oppløysing gjeld same vilkår som for vedtektsendring. Ved oppløysing avgjer årsmøtet korleis

Opplæringskontoret sin formue skal fordelast på medlemmer pr. dags dato, basert på tal lærlingear ved den einkilde verksemda i Opplæringskontoret .